



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.05.2025- helse og omsorg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet står det: Kommunalsjefane skal pr. 01 mai og pr. 01. november legge fram politisk sak om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Den økonomiske ramme pr 01.05. 25 var kr. 20 516 534 og det var bruka kr. 22 046 216
Det betyr eit meirforbruk på kr. 1 529 682 i sektor helse og omsorg.

Meirforbruket skuldast at det framleis er utfordringar med å halde budsjett knytt til TTF.
Det er no sett i gang eit arbeid med å gå igjennom alle vedtak på ny samt det skal sjåast på alternative arbeidstidsordningar.
Dagtilbod blir framleis jobba med og fram til ei permanent løysning er på plass har vi oppretta eit midlertidig tilbod. Ein ser og ein tendens til at dei generelle lønsutgiftene er høgare enn budsjettet noko som no blir fylgt tett opp.

Ein ser og at lønsutgiftene er større enn budsjett på fleire avdelingar. Det var mykje kortidsfråvær, spesielt i januar og februar, grunna influensa ol.
Det måtte nyttast både overtid og forskyving for å sikre forsvarleg drift.

Store delar av maskinparken på kjøkken og vaskeri er av eldre dato og må fornyast etter kvart, noko som og kom fram i årsmeldinga. Det er laga ein grundig og detaljert oversikt over dei ulike maskinene.

Det er no investert i 2 nye vaskemaskiner samt ny tørketrommel på vaskeri. Samt ny skålpakkemaskin på kjøkken.

Totalt kosta maskinene kr. 330 000 og skal dekkas av kommunedirektørens investeringspott.
Dette nye utstyret krev mindre personell samt vi håper at det genererer meir inntekter for sektoren i framtida.

Signalanlegget på POS må oppgraderast og investeringskostnadane er bereikna til kr. 654 050.
Vi har fått tilskot frå Husbanken på kr. 360 000. Den resterande sum på kr. 294 050 skal dekkas av kommunedirektørens investeringspott.

Vi har søkt eksterne tilskotsmidlar og oppretta 2 nye stillingar. Ein på helsestasjon og ein innan psykisk helse og rus. Vi har fått tilsagn om desse eksterne midlane men dei har ikkje kome endå. Sidan dei er budsjettet med, viser det seg som negative tal i rekneskapen.

Den tette økonomioppfølginga av dei ulike avdelingane kvar månad er eit flott tiltak i høve til å ha oversikt over den økonomiske stoa samt til å kunne gjere korrigeringar eller endringar fortløpande. Vi er alle opptekne av å drive avdelingane i tråd med budsjett.

Konklusjon:

Det er noko overforbruk på lønsutgifter i perioden som blir tett fylgd opp.

Utgifter til utstyr og oppgradering av signalanlegg skal dekkast av kommunedirektøren sin investeringspott.

Eksterne tilskotsmidlar gjer at ein har kunne auka bemanninga på helsestasjon og innan psykisk helse og rus.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg tek den økonomiske stoda i sektoren pr. 01.05. i sektor for helse og omsorg til vitande.

Ramma for sektoren justerast med bruk av kommunedirektøren sin investeringspott med kr 625 000,-

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anne Veum
	kommunalsjef HO